

Frå: Marit Nedreli
Send: mandag 26. juni 2023 09:21
Til: Per Kristian Skår
Kopi: 'tommy@agilavest.no'
Emne: 14/113 - Gjeld søknad om mellombels bruksendring til bustad for flyktningar
jf. pbl. § 20-9

Hei

Det vert synt til e-post av 23-06-2023 med vedlegg.

Saka gjeld mellombels bruksendring frå kontor til bustad for flyktningar, jf. plan- og bygningslova § 20-9. I kommunen sitt arkiv er bygningen registrert som verkstadbygg. Det vert difor lagt til grunn at endringa gjeld frå verkstadbygg til mellombels bustad for flyktningar.

Den mottekne meldinga manglar:

- telefonnummer til tiltakshavar
 - kor mange personar som skal opphalde seg i bygningen
 - stadfesting av at vilkåra i plan- og bygningslova § 20-9 er oppfylt
 - stadfesting av at krava til brannsikring etter byggtknisk forskrift er oppfylt
 - stadfesting frå kommunen på at unntaket er nødvendig
- jf. mellombels forskrift om unntak frå plan- og bygningslova for å handtere høge ankomstar av fordrivne frå Ukraina § 2, 1. ledd bokstav a og d, 2. ledd og 4. ledd.

Saka kan ikkje handsamast før det er motteken tilleggsinformasjon. Frist for tilbakemelding er 03.07.2023.

Med venleg helsing

Marit Nedreli
Rådgevar

T / 56 19 21 00

E / post@osteroy.kommune.no

W / www.osteroy.kommune.no

Osterøy kommune: Organisasjonsnummer: 864 338 712.

Besøksadresse: Geitaryggen 8 - 5282 Lonevåg. Postadresse: Postboks 1 - 5293 Lonevåg.

Kommunen gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak-/arkivsystem og kan verte offentleggjort i samsvar med offentleglova.

Frå: Per Kristian Skår <Per.Kristian.Skar@osteroy.kommune.no>

Send: fredag 23. juni 2023 14:03

Til: Marit Nedreli <Marit.Nedreli@osteroy.kommune.no>

Emne: VS: Røde kors - bygget

Hei Marit,

Sjå vedlegg. Oversender på vegne av den som ynskjer å leige ut til kommunen.

Om dette ikkje er godt nok, eller det er noko meir som trengs, ver venleg å gi beskjed. Om det heile skal gjerast på ein annan måte, er det fint om eg får vite det også.

Høyrer frå deg 😊

Beste helsing

Per Kristian Skår

Koordinator Osterøy Brann-redning //

Bustadkoordinator

Mobil: 928 25 215

